

## Vedlegg F: Prosedyre ved melding til Politiet

### Retningslinjer

Kvar enkelt teneste må kome fram til ei felles oppfatning av kva som er uakseptabel åtferd og når valden og truslane skal politimeldast.

Den tilsette som har vore part i situasjonen og tenesteleiar skal saman skrive ei melding på hendinga.

Kommunaldirektør skal snarast informerast om hendinga pr. telefon.

Lovteksten gjev rom for at hendinga kan meldast så seint som inntil 3 månader etter at den fann stad. Erfaringa tilseier at hendinga bør meldast innan 24 timar.

Framgangsmåte for politimelding:

1. Skriftleg melding frå tenesta som skal sendast til kommunaldirektør for signering. Kommunaldirektør sender meldinga vidare til politiet.

### Skriftleg melding skal innehalde følgjande punkt:

- Personalialia, namn, adresse, telefonnummer.
- Kvifor saka politimeldast.
- Forklaring av hendingsforløpet – tid og stad. Skildring av fakta må vere så fylldig at politiet kan avgjere om skildringa angir straffbare tilhøve.
- Eventuelle dokumentbevis, til dømes sjikanøst brev.
- Eventuelle vitne med namn og adresse.
- Tenesteleiar må gje si skildring av korleis han/ho oppfatta situasjonen – med vekt på alvoret i det som har skjedd.
- Det bør leggjast særleg vekt på kvifor ein ser på saka som viktig å melde.

Kommunedirektør si underskrift er i seg sjølv ei vektlegging av alvoret i saka.

- Tilsette som vert utsett for vald og truslar om vald kan sjølv melde tilhøvet til politiet, også i dei tilfelle der arbeidsgjevar ikkje ser alvoret i saka.  
Alvorleg angrep, truslar og sjikane mot offentleg tilsette bør meldast.
- Det er politiet som avgjer om saka skal etterforskast og korleis det skal gjerast. Politiet avgjer om det skal reisast tiltale.
- Når det blir lagt inn melding kan den tilsette rekne med å bli innkalla som vitne i ei eventuell straffesak.
- Den tilsette har rett til å ta med seg ein person som vedkommande har tiltru til under avhøyr, om det ikkje er særleg grunn som talar imot det. (påtaleinstruks § 8-10).
- Om den tilsette sjølv ikkje ønskjer å melde hendinga, må det utvisast varsemd frå tenesteleiar.

- Om tilsette og tenesteleiar er usikker/ueinig om hendinga skal meldast, skal kommunaldirektør ta den endelege avgjerda.
- Uavhengig av haldning til melding, har kommunen, ved tenesteleiar, ansvar for å bistå/støtte den tilsette. Dette gjeld både melding, etterforsking, eventuelt rettssak og i tida etter dette. Ved rettssak skal tenesteleiar gje tilbod om å vere til stades som støtteperson i rettssalen.

### **Kvifor melder vi**

Alvorleg grad av vald skal meldast til politiet uavhengig av brukargruppe. For dei tilsette skal det ikkje vere normalt med vald og trussel om vald i sitt arbeide. Melding blir registrert og får betydning rundt forskning av valdskriminalitet. Meldinga kan vere med på å synleggjere dei problema tenesta slit med ovafor brukarane. Ovafor brukarane gjev det eit viktig signal om kor grensa går for kva som kan akseptast.

### **Bistand frå politiet**

Politiet kan vere ein samarbeidspart i dei situasjonane som har utvikla seg frå konflikt til aggresjon og med fare for valdshandlingar.